



Lærdal kommune  
Postboks 83  
6886 LÆRDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Lærdal kommune – ny handsaming av budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Lærdal kommunestyre vedtok i møte 12.12.2019 budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 i sakene 85/19 og 87/19. Dokumenta med utskrift av sakshandsaminga er sendt til Fylkesmannen, og vi har hatt ein gjennomgang av desse.

Ny kommunelov med forskrifter for økonomiforvaltninga vart gjort gjeldande frå budsjettåret 2020. I vår gjennomgang har vi registrert at Lærdal kommune har utarbeidd, og kommunestyret vedteke budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 etter gamal kommunelov med tilhøyrande forskrifter. Det betyr at budsjett og økonomiplan ikkje er vedteke etter gjeldande lov og forskrift. For nærmare informasjon viser vi til vårt brev om *handsaming av budsjett og økonomiplan – innsending til Fylkesmannen*, sendt til kommunane i Vestland 7. november 2019.

Fylkesmannen ber om at Lærdal kommunestyre innan 31. mars 2020 på nytt handsamar og vedtek budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 etter ny kommunelov med forskrifter for økonomiforvaltninga.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
avdelingsdirektør

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- Brev om handsaming av budsjett og økonomiplan – innsending til Fylkesmannen, datert 07.11.2019.

